



## Årsmelding NAF avd. Indre Sogn 2015

### Årsmøte i NAF avd. Indre Sogn

Mandag 21. mars 2016  
på Lægreid Hotell, Sogndal  
kl 18.00.

Vanlege årsmøtesaker og val.

Det blir enkel servering.

Helsing styret

#### **Styret 2015**

Jon Fimreite, Leiar

Stig Lerheim Viken

Malin Øvrebø, Webredaktør

Jan Åge Berge

Jørgen Bruheim

#### **Vara**

Tordis Kristine Søvde

Per Åretun

Siv Skogstad Tufte

Dagfinn Tufte

#### **Kasserar**

Reidun Fimreite Kleiven

**Tema: Orientering om bygginga av nye Loftesnesbrua og trafikkavvikling under bygginga, ved Gunnar Solbakken frå Statens vegvesen.**



## **Leiaren oppsummerer:**

Årsmøtet i 2015 fann stad i Villa Solvi på Hafslo 30. mars.

Underteikna vart då attvald for 2 år som leiar i avdelinga.

Forutan leiaren har styret i 2015 bestått av: Jan Åge Berge, Malin Øvrebø, Jørgen Bruheim og Stig Lerheim Viken.

Varamedlemmar har vore: Per Åretun, Tordis Kristine Søvde, Siv Skogstad Tufte og Dagfinn Tufte.

Leiar for Valnemnda har vore Torfinn Skårheim

Landsmøtet for 2015 vart halde i Haugesund, Jon Fimreite møtte for NAF avd. Indre Sogn ilag med mange engasjerte tillitsvalde frå heile landet, i tillegg til administrasjonen frå NAF sentralt.

Lokalavdelinga har halde ein del styremøter i løpet av året, først på Maskinsenteret og sidan i det nye møterommet på Øvingsbana.

Me har halde NAF sin sykkelkonkurranse 28. mai for 5.-6. klasse i Indre Sogn. Jan Åge Berge har vore aksjonsgeneral for dette. Vinnaren av den lokale finalen vann sin klasse i landsfinalen i LETO-Hallen, så det viser at det gror godt i Sogn.

Etter forslag frå Dagfinn Tufte om at me skulle ha stand i alle kommunane i lokalavdelinga i løpet av året har me prøvd på nettopp det.

NAF-dagen valde me å dela på ved å delta på stand på Lustramarknaden 13.-14. juni,

Lærdalsmarknaden 26.-28. juni og Aurlandsmarknaden 11. juli.

Me fekk vist oss fram og snakka med mykje folk om fordelane med å vera NAF-medlem.

Me var utstilt på Holmadagen i Balestrand 5. september der me fekk låna «Veltepetteren» av NAF Fjordane og Ytre Sogn under kyndig hjelp og rettleiing frå Atle Lerpold. Dette var eit særskild vellukka arrangement med mykje folk som var innom standen vår for å prøva «Veltepetteren».

12. september stilte me på stand under Frivilligdagen i Sogndal.

Takkar alle ifrå styret i lokalavdelingen som var med på desse dagane. Diverre fekk me ikkje mogelegheit til å stille på Gamalostfestivalen i Vik og under Fruktbare dagar på Leikanger, så det får me gjera i 2016.

Lokalavdelinga har sponsa Sogn Rallyteam og støtta NAF Motorsport Indre Sogn si drift på øvingsbana.

Me har eit godt samarbeid med grunneigar Andreas Bøthun og Kaupanger Speidargruppe. Dei nyttar møtelokalet på Øvingsbana.

Dette er ein god sambruk av lokalar til nytte for Speidarane, Motorsportklubben og lokalavdelinga.

**Helsing Leiar Jon Fimreite.**



## **Helsing frå Øvingsbana.**

Det har vore eit aktivt år på "øvingsbana".  
Det har vore mykje dugnadsaktivitet frå Motorsportklubben på alle banene.  
Det har vore to store aktivitetar med Sykkelkonkurranse og Driftweekend, store arrangement som drog folk til bana der dei fekk sjå mykje fin aktivitet.  
Attendemeldingane var at dette var kjempeflotte stemner med mykje folk og aktivitet. NAF Motorsport har hatt ein del treningsaktivitet på banene i løpet av året.  
Dugnadsaktiviteten har vore størst på på Cross-/ATV-bana.

Me har hatt eit godt samarbeid med grunneigar Andreas Bøthun og med lokalavdelinga og Motorsportklubben.  
Køyreskulane har òg nytta bana mykje til opplæring på motorsykkel og moped.  
Takkar for godt samarbeid med køyreskulane og Statens vegvesen ved trafikkstasjonen i Sogndal.  
Bana har òg vore nytta av medlemmar som har hatt køyretrening med sine håpefulle på lukka bane. Oppfordrar medlemmane til å nytta bana - det er berre å ta kontakt.

**Helsing vaktmeisteren : mob. 91387554**

## **Sykkelkonkuransen 2015**

NAF avd. Indre Sogn avvikla sykkelkonkuransen for 2. gong.

Det var tre skular som var påmelde.

Diverre kunne berre to skular vere med i sjølve delfinalen som blei halde på Øvingsbana på Kaupanger 28. mai.

Det var åtte stk. som deltok.

Desse måtte gjennom forskjellige øvingar, m.a. 8-tal, planke og stopptest.

Det blei kåra to vinnarar - ein gut og ei jente.

Desse hadde moglegheit til å delta på landsfinalen 13. juni i Letohallen i Buskerud.

I landsfinalen hadde kun Sigve Bårdtvedt Skjerdal frå Aurland moglegheit til å stille.

I landsfinalen vann han si klasse og blei dermed den beste i landet. Det var kjempeflott!

I 2016 vil me igjen avvikle sykkelkonkuransen, denne gongen på Vesterland Feriepark inne i hallen. Dette vil gjera til at ein vil konkurrere meir likt med omsyn til landsfinalen.

NAF avd. Indre Sogn ser fram til å fortsette med dette også i 2016.

**Venleg helsing**  
**Jan Åge Berge**

## Tankar etter tre teltturar.

For å bli meir synleg kjøpte me telt. Ikkje eit lite fjelltelt, men skikkeleg Easy-up 3x3 meter med NAF-logo og namn.

Nedpakka på Kaupanger var teltet lite synleg. Derfor kom det forslag om telttur til Lustramarknaden. Torfinn og Dagfinn lokka med batteriladar for dei som registrerte medlemsnummer. Tolv kom innom, og Einar Grov vart trekt som vinnar. I Gaupne var det mange barnevogner. Kanskje skulle me delt ut brosjyren «Barn i bil».

Lærdalsmarknaden var neste – 3 dagar. Jørgen og Dagfinn fekk hjelp av Per og Mette. Totalt var syttiseks innom, og Torunn Vethe Gram og Aasmund Engen fekk kvar sin ladar. Me snakka med mange og fekk høyra om ulike opplevingar med NAF - kvifor folk er medlem og kvifor dei absolutt ikkje er det. Me var ikkje budd på medlemsteikning, men det ordna seg etter kvart. Neste gong må me ha medlemsblokk, slik at all data kjem med.

Teltet med bord og stolar tek stor plass, og passar godt bak i Motorsportklubben sin hengar. Transporten hadde Jon ordna, men til Aurlandsmarknaden fekk Jørgen og Dagfinn oppdraget. Seksten vart registrert og Bjarne Roar Bjørgum vart vinnar. Det var vel fortent, for han passa teltet medan me åt.

Neste sesong kan me kanskje annonsera i marknadsavisene. Ha med dei nyaste brosjyrane, campingguide og kulepennar. Kanskje trekke gavekort på drivstoff.

## Dagfinn Tufte



# ***Rabattavtale på batteri og olje***

NAF Motorsport Indre Sogn har forhandla fram ein rabattavtale med Maskinsenteret AS

Medlemmane i motorsportklubben og medlemmar i NAF avd. Indre Sogn får rabatt på kjøp av **VARTA** batteri og **Castrol** og **AGROL** oljeprodukter.

**35%** Rabatt på Varta Batteri, **15%** rabatt på oljeprodukter.

Dette er eit tilbod me ber medlemmane om å nytte.


Rabattane får ein ved å visa fram medlemskort når ein handlar på Maskinsenteret AS

NAF Motorsport Indre Sogn

**Jon Fimreite**

Leiar

Maskinsenteret



<b>Årsrekneskap 2015</b>				
<b>RESULTAT</b>	<b>2015</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>2014</b>	
<b>Inntekter</b>				
Kontingent	kr 240 131,61	kr 225 000,00	kr 223 995,18	
Renteinntekter	kr 221,18	kr 1 000,00	kr 279,61	
Diverse inntekter	kr 403,00	kr 90 000,00	kr 90 061,82	
Baneleige	kr 71 000,00	Kr 71 000,00	Kr 70 000,00	
<b>Sum inntekter</b>	<b>kr 311 755,79</b>	<b>kr 387 000,00</b>	<b>kr 385 336,61</b>	
<b>Driftskostnader</b>				
Revisjonshonorar	kr 7 250,00	kr 6 000,00	kr 5 500,00	
Telefon, internett, porto, frakt m.v.	kr 5 257,00	kr 3 000,00	kr 8 065,00	
Trafikktryggleik	Kr 7 055,00	kr 70 000,00	kr 36 019,00	
Sentrale kurs og møter	kr 35 685,00	kr 34 000,00	kr 28 787,00	
Medlemsmøter	kr 49 378,50	kr 43 000,00	kr 26 379,56	
Styremøter	kr 4 247,00	kr 20 000,00	kr 21 047,00	
Vedlikehold bygning / Øvingsbane	Kr 76 578,76	kr 30 000,00	kr 114 278,55	
Marknadsføringskostnader	kr 16 037,75	kr 40 000,00	kr 40 800,50	
Diverse utgifter	kr 55 371,09	kr 71 000,00	kr 21 841,22	
Baneleige	kr 71 000,00	Kr 71 000,00	Kr 71 000,00	
<b>Sum kostnader</b>	<b>kr 327 860,10</b>	<b>kr 387 000,00</b>	<b>kr 373 717,93</b>	
<b>Årsresultat</b>	<b>kr -16 104,31</b>		<b>kr 11 618,68</b>	
<b>BALANSE</b>				
<b>Eigendeler</b>	<b>2015</b>		<b>2014</b>	
Bankinnskott	kr 156 171,97		kr 155 927,79	
<b>Sum eigendeler</b>	<b>kr 156 171,97</b>		<b>kr 155 927,79</b>	
<b>Gjeld / Eigenkapital</b>				
Eigenkapital	kr 43 325,12		kr 59 429,43	
Påløpte kostnader 2015, bet. i 2016	kr 55 246,75		Kr 24 499,00	
Lån NAF Finans	kr 57 600,00		Kr 72 000,00	
<b>Sum Gjeld / Eigenkapital</b>	<b>kr 156 171,87</b>		<b>kr 155 928,43</b>	
Endring av eigenkapital				
Eigenkapital 01.01.	kr 59 429,43			
Resultat	kr -16 104,31			
Eigenkapital 31.12.	kr 43 325,12			

# NAF avd. Indre Sogn

## BUDSJETT 2015

### Inntekter:

Kontingentar	225 000
Renteinntekter	1 000
Diverse inntekter	90 000
Baneleige	71 000

**Sum Inntekter** **387 000**

### Driftskostnader:

Revisjon	6 000
Telefon, Internett, Porto, Frakt etc	3 000
Trafikktryggleik	70 000
Sentrale kurs og møter	34 000
Medlemsmøter/medlemskveldar	43 000
Styremøter	20 000
Vedlikehald bygningar	30 000
Marknadsføringskostnader	40 000
Diverse utgifter	70 000
Baneleige	71 000

**Sum Kostnader** **387000**



# **Kommentar til årsrekneskap 2015, NAF avd. Indre Sogn**

## **Utgifter**

Revisjonshonorar

Revisjonshonoraret for 2014: kr 7 250,- Dette er ei auke frå 2013 og me føreslår å avslutte dette og vel ein revisor på årsmøtet:

Styret kjem med forslag på Normann Henning Fimreite.

## **Diverse utgifter**

Denne posten består i hovudsak av betaling av medlemsskap for styret, leige av postboks, og innkjøp til NAF-dag og andre arrangement.

## **Vedlikehald bygningar / Øvingsbane**

Posten Øvingsbane: Denne inneheld m.a. flytting og oppgradering av hovudsikringsskapet til bana. Me er no ferdig med flyttinga av møterom etc. frå gamle Brakkeriggen. Det som no står att er å få den fjerna, noko me må gjera i løpet av 2016.

**Kasserar:** Styret har valt å bruka Reidun Fimreite Kleiven som kasserar.

# Budsjett 2016

## **Inntekter:**

Kontingentar:	240 000
Renteinntekter:	500
Diverse Inntekter:	8 000
Baneleige:	71 000
<b>Sum Inntekter:</b>	<b>319 500</b>

## **Utgifter:**

Telefon/Internett/Porto/Frakt etc.	6 500
Trafikktryggleik:	20 000
Sentrale Kurs og møter:	40 000
Medlemsmøter etc.:	50 000
Styremøter:	5 000
Vedlikehald bygningar/Øvingsbane	50 000
Marknadsføringskostnader:	20 000
Diverse Utgifter:	50 000
Baneleige:	71 000
<b>Sum Kostnader:</b>	<b>319 500</b>

## **På årsmøtet skal desse veljast:**

### **Styret:**

Leiar

Styremedlem for 2 år:

Styremedlem for 2 år:

### **Noverande:**

Jon Fimreite

Stig Lerheim Viken

Malin Øvrebø

Jan Åge Berge

Jørgen Bruheim

Ikkje på val.

På val.

På val.

Ikkje på val.

Ikkje på val.

### **Varamedlemmar til styre på val for 1 år:**

Tordis Kristine Søvde

Per Åretun

Siv Skogstad Tufte

Dagfinn Tufte

På val.

På val.

På val.

På val.

### **Valnemnd:**

Leiar: Torfinn Skårheim

### **Revisor:**

Normann Henning Fimreite

### **Kasserar:**

Reidun Fimreite Kleiven